

Elin Legland frå Uskedalen vart på årsmøtet i Hordaland Senterparti i helga valt til studieleiar. Steinulf Tungesvik frå Skånevik, som har vore statssekretær i Samferdsledepartementet, vart valt til ny leiar i fylkespartiet etter jondalsordførar Sigrid Brattabø Handegard, som hadde fråsagt seg attval, melder innsida.no.



Elin Legland er valg til studieleiar i Hordaland Senterparti

Hordaland Senterparti er uroa over at nedgangen i talet på bønder og jordbruksareal i produksjon er større enn på lenge i tillegg til at ein slit med rekrutteringa.

Rammevilkåra bør difor bli vesentleg betre. Fylkespartiet krev at sentrale styresmakter gjev vestlandsjordbruket rammevilkår som sikrar lønsemd, rekruttering og levande bygder.

I ei uttale om samferdsle blir det påpeika at delar av stamvegane gjennom fylket har standard på line med dårlege riksvegar. Riksveg 13, som har stamvegstatus, har standard som fylkesveg. Ny snøggbåtteknologi må takast i bruk for å gjera transportforma meir miljøvennleg og Staten må overta drifta av Stord lufthavn, krev Senterpartiet i fylket.